

Dei frivillege sin kveld.

29.07.2015



Martin og Viljar svevar trygt på frivillege hender.

For å få Festidalen i hamn trengs over 200 frivillege, og i kveld var storparten av dei samla. Først var det informasjonsmøte der låven på Dønhaug var fyllt, og etterpå svar det ein svært kjekk og sosial frivillegfest på Systrene Nilsen. Samansetjinga av dei frammøtte understreka at heile Kvinnherad, og meir til, sluttar opp om arbeidet med Festidalen.



Det var tettpakka med frivillege i Dønhaug-låven.

Under informasjonsmøtet på Dønhaug var det først fellesmøte på låven. Fleire i leiarposisjonar hadde ordet, og det vart m.a. referert til evaluering av Festidalen i fjor. Den var svært så vellukka. Likevel vert det i år gjort nokre endringar for at vi skal få ein endå betre festival.

Datanettverket er forbetra, og dermed skal det gå glattare med betalingsterminalane. Dermed kan det vera greitt med ei påminning: Betalinga når ein handlar, skjer med kort.

Festidalen skal vera ein festival for alle aldersgrupper. Det er eit breidt program. Også konsertane på Dønhaug øskjer dei skal vera for alle. I samband med det var det ei grundig gjennomgang av verjeordninga for dei under 18 år. Det er ikkje sett noka tid for kor lenge barn kan vera på konsertområdet, men erfaring viser at mange går heim i 21-tida. Det synes leiinga er passande. Erfaringa med ordninga er svært god.

Festidalen si måtehaldne haldning til alkohol vart også understreka. Det er også bakgrunnen for at dei får laga sitt eige øl;- Englefjell i fjar og Solfjell i år.

- Vi ønskjer at dei besøkjande heller skal drikka to flasker kvalitetsøl enn 10 med billeg øl. Dei pengane vi kan tena på meir ølsalg skal vi klara oss utan, sa Anbjørn Høivik i leiargruppa mellom anna.

Høivik sa at han håpa at Festidalen 2015 kunne føra vidare den gode statistikken når det gjeld orden og disiplin, og såleis den gode stemninga som har kjenneteikna Festidalen.

Samlinga vart avslutta med følgjande gladmelding: - Billetsalget går som det griner! Det er ikkje tid til å venta med å kjøpa!

Og medan infomøtet pågjekk, var dei frivillede i riggegruppa i fullt arbeid med å få klar den store scenen.



Litt av ein scene!

Etter litt fotografering på jordet, var det tid for informasjon i kvar av gruppene med ulike oppgåver.

Kvelden vart avslutta med frivillegfest på Systrene Nilsen. Der var det servering med god fiskesuppe, brød og drikke. Det var første gong denne festen vart avvikla i etterkant av informasjonsmøtet. Det var særdeles vellukka, og frammoget var svært godt. Stemninga var god, og dette var også viktig for den sterke dugnadsgleda og fellesskapskjensla som Festidalen representerer. Truleg var mest alle bygder i Kvinnherad(og meir til) representert, og det var eit tydeleg bevis på at heile kommunen står bak denne festivalen!



Denne gjengen syns det er gøy å jobba for Festidalen!

Tekst og nett: Thor Inge Døssland

Foto: Mona Grønningen/Kvinnheringen og Thor Inge Døssland.